



VAL

 Kommunestyre- og
 fylkestingsvalet 2023

Valdag er 11. september

Førehandsrøysting

Dato	Stad	Klokkeslett
Alle kvardagar	Bykle rådhus	09:00 - 14:00
Laurdag 26.08	Bykle rådhus	15:00 - 18:00
Torsdag 24.08	Bykle rådhus	09:00 - 18:30
Laurdag 02.09	Hovden grendehus	15:00 - 18:00
Torsdag 07.09	Bykle rådhus	09:00 - 18:30

Førehandsrøystinga på Bykle alders- og sjukeheim blir onsdag 30.08 kl 9

Om nokon har vanskar med å kome seg til røystestad av helseårsakar, så kan dei be om "ambulerande røysting". Det vil seie at valfunksjonærar kjem heim til dei og tar imot røystene. Det kan ein be om fram til måndag 04.09. Ring 37 93 85 00 på kvardagar mellom 09:00 - 14:00.

På valdagen 11.09 kan ein røyste på
 Hovden grendehus og Bykle rådhus frå kl 08:00 - 18:00

Hugs legitimasjon!

Fjellgardane skule og Bykle barne- og ungdomsskule har fyrste skuledag torsdag 17. august kl.08.30. Vi ynskjer alle velkomne til nytt skuleår.

Ordinære opningstider kulturhus og bibliotek

Hovden grendehus og bibliotek:

Me opnar igjen 7. august

Redusert opningstid veke 32 og 33: 9-16

Måndag-torsdag 8-21, Fredag 8-16

grendehuset@bykle.kommune.no / tlf 902 16 856

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Me opnar igjen 14. August.

Meiropent er tilgjengeleg frå 7. august.

Måndag 10-16.30, Onsdag 13-15, Torsdag 10-16.30

Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.

samfunnshuset@bykle.kommune.no / tlf 476 85 262

Biblioteket kan kontaktast på

biblioteket@bykle.kommune.no eller på Facebook:

'Bykle folkebibliotek'

Viking & Villrein haustmarknad laurdag 7.10

 Med Trond Moi,
 Bjørn Tomren og
 Inger Lise Stulien!

Hovdenuten opp laurdag 19. august

For andre gong arrangerer Hovdentour eit løp til toppen av Hovdenuten. Starten er i Hovden sentrum og etter 340 høgdemeter er du på toppen.

Det vil være mosjonsklasse og konkurranseklasse. Alle som kjem til toppen får medalje, bollar og saft. Det er pengepremiar til dei raskaste, men alle deltakarar kan vinne flotte trekkepremiar. Meir info: www.hovdentour.no

Folk i Form Til NM 2025 Hovden

Tur til Svorvaren

12. august KL 09.00

Bakgrunn for turen:

 For akkurat 100 år sida,
 12.august 1923 hadde

Valle og Hylestad Ungdomslag tur på Svorvaren.

Tarald Harstad tala og Knut Jonson Hedde og Bjørgulv Lund var spelemenn. Dei var då 60-70 valldølar og hylstringar samla på Svorvaren. No vil me prøve å gjentake denne hendinga, 100 år seinare. Kult om me kjem i stakkar og skinnfu.

På Svorvaren, 1377 moh er det fantastisk utsikt i alle retningar. Når det er god sikt kan ein m.a. sjå Gaustadtoppen i aust og Årdalsnapien i sør.

Svorvaren har ein spesiell form som kan minne om ei kjegle som er svarva (dreid). Difor er den også godt synleg frå mange kantar.

Praktisk info:

Me møtast ved bommen i Berg i Valle kl 09.00. Så vil vi køyre inn forbi bommen til parkeringsplassen i så få bilar som mogleg, då sparar me nesten 1km oppoverbakke. Så vil me gå i roleg tempo etter turistløypa til Stavskar, opp Stavbrokka og så svinge sørover opp på toppen. Turen er ca 17 km tur/retur i ulent terreng og noko bratt og krevjande, så ein bør vere i nokonlunde god form.

Så vil vi prøve å samlast på Svorvaren kl 14.00. Dersom nokon vil gå i eige tempo, seinare eller fortare, kan dei gå når dei vil og så møte på Svorvaren ca kl 14.00.

Los med oss på turen er kjentmann Hugo Homme.



Kyrkjevalet

2023



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Informasjon om kyrkjevalet 2023

Til Bykle sokneråd skal det veljast 6 faste medlemmer og 3 varamedlemmer.

Kven kan røyste?

For å røyste ved kyrkjevalet må du fylle 15 år i 2023 og vere døypt. Det betyr at alle kyrkjemedlemmer som er fødd i 2008 eller tidlegare har røyserverett.

Valdagen, 11.september, kan du røyste same stadar som kommunevalet:

Bykle rådhus 08.00 - 18.00

Hovden grendehus 08.00 - 18.00

Det er mogleg å førehandsrøyste digitalt i perioden i heile perioden

10.august-6.september.

Dette kan du gjere frå godstolen heime eller kvar det måtte vere.

Du loggar inn med Bank-ID via nettsida www.kirkevalget.no

I tillegg er det mogleg å førehandsrøyste fysisk, fylgjande stadar og tider:

Bykle kyrkjekjellar, 14.08.2023, kl 08:30 - 10:30

Bykle kyrkjekjellar, 20.08.2023, kl 12:00 - 13:00 (etter gudstenesta)

Bykle kyrkjekjellar, 21.08.2023, kl 08:30 - 10:30

Bykle kyrkjekjellar, 31.08.2023, kl 15:00 - 20:00

Bykle alders- og sjukeheim, 06.09.2023, kl 11:00 - 13:00

Valliste Bykle sokn

1 Bernt Einar Berntsen	1956
2 Else Gyro Rysstad	1960
3 Bjørg Sissel Tveiten	1969
4 Jan Sverre Kjølsvedt	1973
5 Reidun Johanne Blom Skjelanger	1955
6 Aud Hanna Standal Skagestad	1956
7 Siv Kristin Jeiskelid	1968
8 Marianne Breivegen	1970
9 Ole Morten Egeland	1957

Gudstenestar

13.08 kl.12.00

Friluftsgudsteneste

Rygnestadtunet

20.08 kl.11.00

Gudsteneste

Bykle gamle kyrkje

Agder og Telemark bispedøme

Det skal også veljast medlemmer til Agder og Telemark bispedømeråd.

Du kan røyste same stadar og tider som du røystar på det lokale soknerådsvalet. Informasjon om kandidatar og lister finn du på www.kirken.no/agder og www.kirkevalget.no

Jaktskyting på Geiskeli skytebane

Tysdag 08.08, Torsdag 10.08

Tysdag 15.08, Torsdag 17.08

Påmelding 18:00 - 20:00

Sal av ammunisjon, kontant eller Vipps

Hugs å ta med våpenkort

Hilsen Bykle Skytterlag

Høyrsele

Audiograf Caroline Dankworth fra LMT Evje, kjem til Bykle helsesenter på kommunebesøk 23 august. Dette er eit tilbod til deg som alt har høyreapparat.

Ynskjer du time ta kontakt med høyrselekontakt i kommunen:

Annette Trydal Telefon 91641495 eller E-post Annette.trydal@bykle.kommune.no



Bykle kommune

BYKLE SER LANGT

T: 37 93 85 00

Mån - fre: 09:00 - 14:00

Valle bygdekvinnelag

ønskjer å samle dokumentasjon og kunnskap om mellom anna ulike band og belte. Vi treng difor hjelp til å låne tekstiler til boka vi skal lage.

Tema i boka:

- Tyleband/hårband.
- Belte/jure, tevlingsjure/sylvbelte og sauma jure.
- Linde, band til å reive speborn med.
- Stakkelist, sauma eller vovne.
- Slengde sokkeband av ulike slag. Spretti og sprota.
- Hatteband, vovne, sauma, «kaupeband»

Vi set stor pris på om du har noko du kan låne oss!

Tak gjerne kontakt med ein av oss for nærmare informasjon.

Boknemda:

May Lis Flateland M: 46803819

Eli Struame Føreland M: 91614501

Monica Rygnestad M: 92412225

Grete Fossen M: 97708535



BYKLEDAGEN

02-03.09.2023

Laurdag 02.09.

Lislestog og Bykle gamle kyrkje kl. 1100-1600 • Utstilling av tekstilar, kaffi og mat, historiefortelling og song, forteljarstund for born, folkedans og kvedarstund.

Dam Sarvsfossen kl. 1230-1600 • Vasslepp over dammen! Gratis grillmat og drikke, salsbodar og aktivitetar: Sjonglering, natursti, open brannstasjon, luftgevær, blekkbokskasting og skattejakt.

Sundag 03.09.

Bykle kyrkjebygd kl. 1100-1300 • Kulturminnevandring.

Frå kl. 1300: Ta gjerne søndagsmiddagen på Bykle Hotell!

For meir info sjå: www.visitbykle.no • Facebook: Bykle Næringslag

Arranger: Bykle Næringslag i samarbeid med Stasjonen Bykle | Bykle kommune | Bykle idrettslag | Otra kraft Setesdal brannvesen | Bykle folkehøgskule | Bykle Hotell | Bykle maskin | Bykle Vindu | Bykle husflidslag og Valle bygdekvinnelag | Destinasjon Hovden



Bygdekinoen

www.bygdekinoen.no

Bykle samfunnshus 29.8:

18:30 Mission: Impossible -

Dead Reckoning - Part One

Hovden grendehus 12.8 :

16:30 Elemental

18:30 Mission: Impossible -

Dead Reckoning - Part One

Tømekalender

Restavfall: 23.8 - Matavfall: 9.8, 23.8

Glas/metall, papir og plast: 9.8

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

Kvar torsdag: 12:30 - 18:30, 5.8 kl. 09:00 til 15:00.